



VEST-TELEMARK KRAFTLAG

Til NVE
Postboks5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår dato: 15.01.2020

Vårt merke: 200300024

Dykkar dato: 25.03.2015

Dykkar merke: 200707558-55

Reg.nr 5205, saksnr. 200707558 Lårdal kraftverk. Søknad om forlenging av frist for igangsetjing og fullføring av arbeidet.

Vest-Telemark Kraftlag AS fekk den 25.03.2015 konsesjon for utbygging av Lårdal kraftverk. I punkt 2 i villkåra står det at konsesjonen fell burt dersom arbeidet ikkje er sett i gang seinast 5 år rekna frå konsesjonsdato.

Som fylgje av uavklarte offentlegrettslege spørsmål, ser vi at byggestart innan fristen sett i konsesjonen ikkje er mogeleg.

VTK søker difor om nye 5 års forlenging av fristane.

I tida etter konsesjonsvedtaka for Lårdal kraftverk og Lårdalsåi kraftverk blei det arbeidd med avtale for å få samordna dei to kraftverka, slik at det kunne sendast ein revidert plan for eit nytt kraftverk i Lårdal der baa konsesjonane var inkluderte. Dette arbeidet lukkast ikkje.

VTK starta difor arbeidet med å realisere det konsesjonsgjevne kraftverket Lårdal Kraftverk. Det blei inngått avtale med Bystøl AS for prosjektering av kraftverket 22.11.2017. Manglande privatrettslege avtaler for tilkomst til kraftstasjonen kom på plass og prosjekteringsarbeidet starta opp i 2018. Totalt har vi kjøpt eksterne tenester for 3,1 mill.kr til dette prosjektet, herav 1,5 mill.kr etter at konsesjonen blei gjeve. I tillegg kjem bruk av eige personell.

Det blei sendt søknad til NVE om klassifisering av dam og vassveg 2.1.2019. Løyve for dette blei gjeve 19.02.2019.

I samband med arbeidet med *Detaljplan for Landskap og Miljø* blei det utarbeidd undersøking (Faun Naturforvaltning) av den raudlista plantearten Systemmarihand sommaren 2019. Her blei det konkludert med at arten ikkje blir påverka av kraftverksplanane.

Det blei også gjort arkeologiske undersøkingar (Telemark fylkeskommune/ Team kulturarv) i rørgatetraséen sommaren 2019. Her blei det gjort funn som det vil bli søkt om frigjeving for og som vil bli teke omsyn til i den vidare planlegginga av kraftverket.

07.03.2019 blei det søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel sidan kraftverksinngrepet ligg i LNF-område. Tokke kommune avsto søknaden 8.mai.2019. Tokke kommune krev reguleringsplan for tiltaket. VTK klaga avslaget på dispensasjonssøknaden inn til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark. Dei sende saka attende til Tokke kommune for ny handsaming og betre grunngjeving, som deretter i vedtak 05.09.2019 opprettheldt vedtaket



VEST-TELEMARK KRAFTLAG

sitt. VTK klaga avslaget på nytt den 2.10.2019 inn til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark. Saka ligg framleis til vurdering der. Vår klage er vedlagt til dykkar informasjon.

VTK er på det næraste ferdig med den tekniske detaljprosjekteringa. *Detaljplan for Landskap og Miljø* er også klar og vil bli sendt NVE for godkjenning så snart vi får avklaring frå Fylkeskommunen/riksantikvaren i høve til arkeologifunna. Den avklaringa får vi truleg ikkje før Fylkesmannen har avgjort om kommunen får medhald i sitt krav om reguleringsplan, sidan desse undersøkingane/funna då vil bli tekne med i planprosessen.

I og med at det er tidkrevjande prosessar, der tidsbruk og resultat er utanfor VTK sin kontroll, må vi difor diverre søke om forlenging av fristane.

Med helsing

Ketil Kvaale
Adm. Direktør

Vedlegg: Klage sendt Fylkesmannen 02.10.2019